



## Møteprotokoll

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Loen

**Dato:** 26.04.2024

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:30

**Følgende faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Edel Kveen	Medlem	SKJÅK
Rolv Enersvold	Medlem	LOM
Marianne Bugge	Medlem	LUSTER
Per-Gunnar Sveen	Medlem	IFK
Kjetil Brandsar	Medlem	SKJALM

**Følgende medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Åsta Årøen	Medlem	VLFK

**Følgende varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Tommy Sævareid	Åsta Årøen	VLFK

**Merknader:**

Jo Trygve Lyngved og Liv Byrkjeland, Statens Naturoppsyn deltok på møtet og informerte om deira virke i 2023.

**Øvrige frammøtte:**

Navn
Stein Magne Grevrusten
Aina-Elise Bolstad Stokkenes

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 20/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 21/24	Breheimen nasjonalpark - Utbygging av Illvatnet pumpekraftverk - høyringsuttale til endringssøknad		2024/4557
ST 22/24	Strynefjellet LVO - Klage - Stikking av løype for motorferdsel - 2024 - 2027 - Strynefjellet Sommerski AS		2023/14005
ST 23/24	Breheimen NP - klage - 2024 - organisert ferdsel - Høgruta Breheimen - DNT Oslo og Omegn		2023/15748
ST 24/24	Referatsaker		
RS	Endeleg godkjenning - Breheimen NP - besøksstrategi		2021/2684
ST 25/24	Delegerte vedtak		
DS 31/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Rauddalen - Simon Eiesar og Åse Storbråten		2024/3237
DS 32/24	Mørkridsdalen landskapsvernombud - motorferdsel - snødekt mark - dispensasjon - DNT Oslo og Omegn		2024/3877
DS 33/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - 2027 - organisert ferdsel - Dumdalsgrottene - Fyrst og Fremst AS v/ Iver Lund Aakre		2023/7533
DS 34/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - uttransport av båt og garnkasse fra Åfåttjønnin - Martin Klokk		2023/1594
ST 26/24	Eventuelt		

**ST 20/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**

**Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

Edel Kveen	Møteinnkalling og sakliste er godkjent. Marianne Bugge og Kjetil Brandsar godkjenn protokoll saman med styreleiar.
------------	---

**Behandling**

## **Vedtak**

Møteinnkalling og sakliste er godkjent.

Marianne Bugge og Kjetil Brandsar godkjenn protokoll saman med styreleiar.

# **ST 21/24 Breheimen nasjonalpark - Utbygging av Illvatnet pumpekraftverk - høyringsuttale til endringssøknad 2024/4557**

## **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

### **Behandling**

Styreleiar og forvaltar informerte om saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer meir informasjon om detaljplanane som skal utarbeidast.

Nasjonalparkstyret diskuterte korleis planendringa vil påverka verneverdiane i Breheimen, og kom fram til til dette tillegget til innstillinga frå forvaltar:

"Dagens veg er av dårlig standard. Som følgje av prosjektet vil vegen måtte rustast opp. Vi er redd at standardheving av vegen vil føre til auka trafikk til Nørstedalseter, som igjen vil føre til auka ferdsel og friluftsliv i Breheimen nasjonalpark. Dette kan gje forringa levekår for rein.

Nasjonalparkstyret ynskjer at vegen i anleggsperioda ikkje er open for allmenn ferdsel. Om vegen vert av slik standard at den kan vinterbrøytast, ynskjer nasjonalparkstyret at denne moglegheita vert avgrensa gjennom tidsavgrensing/regulering, for ettertida.

Regulering/avgrensing for bruk av vegen i sommarhalvåret må vurderast for ettertida, med omsyn til rein.

Veg som går inn Middalen skal stengast med bom som avbøtande tiltak."

Nasjonalparkstyret gav forvaltar oppdrag i å setje tillegget inn i høyringsinnspelet og sende det over til NVE innan 10 mai.

## **Vedtak**

I styremøte 26 april 2024 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å sende inn høyringsinnspelet til planendringa for Illvatn pumpekraftverk til Noregs vassdrag- og energidirektorat.

*«Breheimen nasjonalparkstyre sitt mandat er å oppretthalda tilstanden innanfor verneområdet ved vernetidspunktet, samt fremja verneformålet. I Breheimen nasjonalpark er formålet å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som innehold særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vassdragsnatur, variasjonen i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap, grotter og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleveling av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.*

*Ved etablering av deponi med tverrslag i eit ope landskap i nærleiken av nasjonalparken kan ein påverka kjensla av eit villmarksprega naturområde innanfor nasjonalparken under anleggsperioden, og truleg i etterkant av anleggsperioden også. Endra plassering av deponi og tverrslag vil også kunne påverke villreinens moglegheiter for vandring. Det er utført omfattande restaurering av ulike område i fjellet kor ein har hatt fokus på både revegetering og arondering med mål om å gjenskape landskapsbilete og restaurera natur. Døme på slike område er skytefeltet på Hjerkinn.*

*Oppgradering av veg frå Sveinsøystølen til Fivlemyr, inkludert veg til Nørstedalsæter er den siste omsøkte planendringa. Breheimen nasjonalparkstyre vil med dette opplyse om at i kartlegging av rovfugl gjennomført i verneområda i Breheimen i 2018 har ein funne eit sårbart område for kongeørn innanfor, og utanfor grensa til nasjonalparken. Ved Åseteelvi ligg dagens bilveg innanfor lokalitetens avgrensing. Den sensitive perioden for kongeørn er 1 februar til 1 august, og i vurderinga av lokaliteten står det at den truleg er nokså upåverka av dagens ferdsel langs bilvegen og elles i dalbotn.*

*Dagens veg er av därleg standard. Som fylgje av prosjektet vil vegen mætte rustast opp. Nasjonalparkstyret er redd at standardheving av vegen vil føre til auka trafikk til Nørstedalsæter, som igjen vil føra til auka ferdsel og friluftsliv i Breheimen nasjonalpark. Aktivitet som dette er ikkje ynskjeleg med tanke på ivaretaking av leveområda og levevilkåra for villreinen. Dette har også nasjonalparkstyret stadfesta i besøksstrategien for verneområda i Breheimen.*

*Nasjonalparkstyret ynskjer at vegen i anleggsperioda ikkje er open for allmenn ferdsel. Om vegen vert av slik standard at den kan vinterbrøytast, ynskjer nasjonalparkstyret at denne moglegheita vert avgrensa gjennom tidsavgrensning/regulering, for ettertida.*

*Regulering/avgrensing for bruk av vegen i sommarhalvåret må vurderast for ettertida, med omsyn til villrein.*

*Vegen som går inn i Middalen skal stengast med bom som avbøtande tiltak.*

*For å bidra til å minimere påverknaden på villrein i fjellområdet under anleggsperioden så kan eit avbøtande tiltak vera at all motorferdsel på snødekt mark som går i traseen mellom Sognefjellet og Nørstedalssæter, også frå andre aktørar, i stor grad vert lagt til bilvegen som likevel skal haldast open, då dette vil redusera påverknaden på funksjonsområde for villrein mellom i Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen merkbart (villrein.no).*

*I informasjonsmøte med Hydro Energi vart ein oppmoda om å koma med innspel på forvaltningsverktøy som kan bidra til å sjå tiltaka i samanheng med blant anna villrein. Eit forvaltningsverktøy som er under utvikling av Norsk institutt for naturforskning (NINA) er senarioanalysar for villrein. Dette er eit verktøy som kan nyttast av forvaltinga til å sjå kva tiltak og korleis dei kan påverka villreinen leveområde, og funksjonsområder. Her kan også kraft og veganlegg, stiar og endringar av desse inngå.*

*Breheimen nasjonalparkstyre oppmodar med dette Norges vassdrag og energidirektorat til å vurdera § 49 i naturmangfaldslova om tiltaket kan ha innverknad på verneverdiane i nasjonalparken, og eventuelt vurdera kva vilkår som bør setjast for å unngå verknadane på verneområdet.»*

# **ST 22/24 Strynefjellet LVO - Klage - Stikking av løype for motorferdsel - 2024 - 2027 - Strynefjellet Sommerski AS 2023/14005**

## **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

### **Behandling**

Styreleiar orienterte om saka.

Nasjonalparkstyret var samråystes i vurderinga av klaga.

### **Vedtak**

I styremøte den 26.04.2024 har Breheimen nasjonalparkstyre samråystes vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak med avslag frå styremøte den 24.11.2023 (saksnummer 2023/14005-2).

Breheimen nasjonalparkstyre kan ikkje sjå at klaga kjem med nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet, og dette gjer at nasjonalparkstyret ikkje endrar tidlegare vedtak. Klaga med vedlegg blir derfor sendt til Miljødirektoratet for endeleg behandling, jf. § 33 i forvaltningslova.

# **ST 23/24 Breheimen NP - klage - 2024 - organisert ferdsel - Høgruta Breheimen - DNT Oslo og Omegn 2023/15748**

## **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

### **Behandling**

Styreleiar og forvaltar orienterte om saka.

Nasjonalparkstyret var samråystes i behandling av klaga.

### **Vedtak**

I styremøte den 26.04.2024 har Breheimen nasjonalparkstyre samråystes vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak med avslag frå styremøte den 11. januar 2024 (saksnummer 2023/15748-2).

Breheimen nasjonalparkstyre kan ikke sjå at klaga kjem med nye moment som ikke var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet, og dette gjer at nasjonalparkstyret ikke endrar tidlegare vedtak. Klaga med vedlegg blir derfor sendt til Miljødirektoratet for endeleg behandling, jf. § 33 i forvaltningslova.

## **ST 24/24 Referatsaker /**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

## **ST 25/24 Delegerte vedtak /**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

#### **Behandling**

Nasjonalparkforvaltar orienterte om delegerte vedtak

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tok dei delegerte vedtaka til orientering.

## **ST 26/24 Eventuelt /**

# **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 26.04.2024**

## **Behandling**

Forvaltar informerte om samarbeid med reiselivet og utarbeiding av brosjyre.

## **Vedtak**